



Statens vegvesen
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

Referanser:

Dykkar: f181141c-27e3-432e-8228-5a424c170676

Vår: 23/662 - 23/7626

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

05.09.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av teknisk bygg - E39 Jernfjelltunnelen - gbnr 47/56

Me syner til søknad motteken 27.06.23.

Administrativt vedtak. Saknr: 087/2023

Tiltakshavar: Statens vegvesen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

VEDTAK:

Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål for oppføring av teknisk bygg på gbnr. 47/56, Haugsvær.

Det vert vidare med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 e) gjeve løyve til tiltak for oppføring av teknisk bygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.09.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast Masfjorden kommune før det vert søkt om ferdigattest.
3. Det skal søkjast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.
4. Tiltaket kan ikkje setjast i verk før klagefrist her gått ut.

Grunngjeving:

I samband med opprusting av Jernfjelltunnelen på E39 i Masfjorden er det behov for eit teknisk bygg knytt til styring og overvaking av tunnelen. Arealet rundt tunnelen er i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 avsett til LNF-området og det er difor trong for dispensasjon i forhold til planformål. Ein finn at behovet er allmennyttige og at ein difor kan gje dispensasjon, då ein ikkje set lova til sides og ein ikkje kan sjå at det gjev negative konsekvensar for tilgjenge, helse, miljø og tryggleik.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.3	Dispensasjon, mindre tiltak	1	5.800,-
10.3.1	Basisgebyr mindre tiltak	1	5.400,-
	Totalt gebyr å betala		11.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av teknisk bygg i tilknytning til styring og overvaking av Jernfjelltunnelen på E39. Behovet for bygget kjem frå krava i tunnelforskrifta.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå planformål i kommuneplanen for Masfjorden 2018-2030. Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.23.

Landbruksfagleg uttale

Arealet det er søkt om omfattar ikkje dyrka eller dyrkbar mark og skal soleis ikkje handsamast etter jordlova.

Uttale frå anna styresmakt

Søknad er sendt til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren for Vestland, men det er ikkje kome innspel frå nokon av desse.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering, tilkomst, avkøyrslø og parkering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.09.20.

Det er vegeigar sitt tiltak og kommunen tek ikkje stilling til tiltaket sin plassering eller avkøyrslø i forhold til offentleg veg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har fått utarbeida skredfarevurdering og denne konkludera med at skredfare vurderast som liten og tilfredsstillar S1 etter TEK 17. Tiltaket er ikkje meint for opphald av personell.

Privatrettslege tilhøve

Ein legg til grunn at bygget vert plassert på eigen grunn eller at dei privatrettslege tilhøva er avklart med evt. andre grunneigarar enn tiltakshavar.

Vurdering dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). I denne saka har ikkje andre styresmakter gjeve uttale.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon frå planformål når det er til allmenntilgjenge formål, slikt som nettstasjonar, tekniske bygg knytt til samferdsle, straumforsyning osv.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dette er eit nødvendig bygg som skal vera tilknytt styring og overvaking av Jernfjelltunnelen for å auka tryggleiken i denne.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå planformål.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 1010

2605

LILLEHAMMER